

# Den heilage nattverden

Lukas 22:24, Matt 26-28, Mark 14-16, Joh 18-20

## Bakgrunn

Nattverden er eit hovudtema i trusopplæringsplanen for denne aldersgruppa, difor møter borna nattverden i fleire av samlingane, samt i gudstenesta. Alt verken kan eller skal seiast om kva nattverden er, men desse elementa må leggjast vekt på: Dåpen, fellesskapet og at Ordet tek del i nattverden. Jesus innstifta nattverden og deler seg sjølv med oss gong på gong.

Det er mykje bakgrunnsstoff ein kan bruke når ein førebur denne samlinga, men den beste førebuinga vil nok vere å kunne evangelietekstane godt.

Går ein enno lenger tilbake kan ein friske opp forteljinga om påskehøgtida og utfarten frå Egypt (2.mos 12).

Kyrkja har hatt mange ulike nattverdstradisjonar, og den borna kanskje tek opp er kva ein oblat er? (usyra brød jfr. utferda frå Egypt) og kanskje kvifor vin og ikkje saft. (det er ferre bakterier som overlever i vin. Vatn var sjeldan rent nok til å lage saft av på Jesu tid) Barn er konkrete, og undrings spørsmåla reflekterer dette.

## Materiale

Dei tre kvitefilt sirklane. Eit vidt fat, rauda druer, mugge med raud vin, stort fint glas. Kornaks, (eller korn), grovt brød i ei korg, mugge med vatn, og skål til å töme vatnet i. Bibel.

## DEN HEILAGE NATTVERDEN

Ha dei kvitefilt sirklane samanrulla og klar til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: "*I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande,*" medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: "*Skaparen, Frelsaren og Livgivaren.*"

Pause.

Sei: "*Det var eingong ein som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, Han som er livsens brød.*"

---

## DETTE GJER DU:

Før timen finn du fram og ordnar alt materiellet. Plasser det der du vil hente det. Vent til barna har roa seg.

Sjå etter materiellet. Finn filtsirklane, skåla og mugga med vatn.

Set tinga på begge sider av deg. Finn roen før du tek til å fortelje.  
Rull ut den første sirkelen. Flat den ut.  
Rull ut den andre, flat den ut.  
Og så den tredje, like eins. Lat sirklane overlappe kvarandre.  
Ta tid. Set deg litt tilbake, ver stille og gled deg over symbolet for den treeinige  
Gud. Deretter peikar du på kvar sirkel og namngir dei ein gong til.

Set mugga og skåla i senteret for dei tre sirklane.

Tøm vatn i skåla og lytt til lyden av vatnet.

Løft vatnet og lat det renne ut av handa  
Sit stilt og sjå på vatnet mens du auser det tre gongar. Reis deg og hent skåla med brød og kornaks (eller korn). Set dei på sirklane.

Hent mugge med raud vin og skål med rauda druer. Set det på sirklane.

Set deg. Finn roen.

Løft kornakset og kjenn på det (Løft korna og kjenn på dei.) Set det tilbake på plass

---

## DETTE SEIER DU:

*Sjå! Sjå kor eg går når eg finn denne forteljinga. Å ja. (Vent litt.)  
Dette er forteljinga om nattverden.*

*Me døyper folk i namnet åt Faderen ...  
Sonen ... og Den Heilage Ande*

*Skaparen ... Frelsaren ... Livgivaren ...*

*Dette er vatnet som Gud Skaparen gav oss. Det vatnet Jesus vart døypt i, det vatnet du vart -eller vil bli døypt i.*

*Dette er vatnet – og når orda "Eg døyper deg i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande" vert sagt og vatnet vert aust over han eller ho som blir døypt, så blir dei fødde på ny. Får eit nytt liv. Et liv i Kristus.*

**DETTE GJER DU:**

---

Løft opp brødet

Set det på plass. Ver stille.

Løft opp druene

Set druene tilbake.

Løft mugga med vin og hell i eit glas.

Løft glaset – sjå på den rauden fargen.

Sett glaset ned.

Reis deg for å hente Bibelen.

Opne han på ei av nattverdforteljingane.

Legg han open.

Peik på skåla med vatn. Løft vatnet og sei:

Løft brødet og sei:

Sett brødet ned.

Løft glaset med vin og sei:

Set glaset ned.

Peik på skåla med vatn.

Peik på Bibelen

**DETTE SEIER DU:**

---

Kornet veks opp av jorda. Veks – og blir hausta inn. Blir malt til mjøl – knust og malt.

**Brød for oss – blir det laga av mjølet.**

Druer – frå vinranker som veks opp av jorda. Fulle av saft.

Vin – saft frå druer som er klemt sund.

**Vin for oss – blir det laga av druene.**

**Kva seier Bibelen om alt dette?**

I dåpen blir vi fødde på ny i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Siste kvelden før Jesus vart krossfest, hende dette: Jesus tok eit brød, takka, braut det, gav venene sine og sa: Ta dette og et det, dette er kroppen min.

Etter at han hadde delt ut brødet, tok han eit stort glas, takka, gav dei og sa: "Drikk alle av den, dette er blodet mitt." Når vi feirar nattverd, høyrer vi at Jesus seier vinen er hans blod. Og at vi skal drikke.

Alt liv treng næring, mat og drikke. Jesus seier at han er livsens brød. Når vi feirar nattverd deler Jesus seg sjølv med oss og knyter oss nærmare han.

I dåpen blir vi fødde til eit nytt liv.

Bibelen fortel oss kor vi kan få næring til livet. Alt liv treng næring. Vi treng å høyre orda i Bibelen.

DETTE GJER DU:

Peik på brødet

Peik på vinen

Vis rundt i sirkelen

DETTE SEIER DU:

*Vi treng å ete brødet, Jesu kropp*

*Vi treng å drikke vinen, Jesu blod.*

*Vi treng å vere saman med andre kristne.*

*Stort er trua sitt mysterium.*

## UNDRING

*Eg undrar på kven som var med på dette måltidet første gongen?*

*Eg undrar på om det smaka likt då?*

*Eg undrar på om det var nok til alle?*

*Eg undrar på kvifor Jesus sa at brødet var kroppen hans?*

*... og at vinen var blodet hans?*

*Eg undrar på om me MÅ ta det?*

*Eg undrar på kvifor me kallar måltidet nattverd?*